

Innkalling til Årsmøte i Varhaugbuen for 2023

Måndag 15. april 2024

Eigarlaga:

- Varhaug Bedriftsforening
- Varhaug Bondelag
- Varhaug Bygdekvinnelag
- Varhaug Bygdeungdomslag
- Svala 4H
- Varhaug Misjonshus
- Vennelaget for Lerbrekk Skule
- Elgane Motorsykkelklubb
- DNT Edru Livsstil
- Vennelaget for lensmannsløa
- Varhaug Pensjonistlag

vert med dette kalla inn til

Årsmøte i Varhaugbuen **Måndag 15. april 2024 kl 19.00**

i Bygdahuset Varhaug SA (Rådhusgata 2A)

Kvar organisasjon har høve til å møta med 1 representant med røysterett, men møtet er sjølvstøtt ope for interesserte observatørar (utan røysterett). Bladet vert distribuert på dugnad, og dei som deler ut bladet vert invitert til å vere med på årsmøtet (utan røysterett)

Organisasjonane nedanfor vert inviterte til å delta på årsmøtet som observatørar. For å verta medeigar av Varhaugbuen, må laget betala eit eingongsbeløp på 1000krone.

- Hå senioruniversitet
- Hå skytterlag
- Varhaug Idrettslag
- Ueland Forsamlingshus
- Hå Karateklubb
- Fotoklubben
- Hå Hagelag
- Hå pistolklubb

Årsmøteinnslag

Ordføreren i Hå, Andreas Bjorland, får ordet før årsmøtesakene.

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og referent
3. Val av to til å underteikne møteboka saman med møteleiaren
4. Årsmeldinga for bladet
5. Rekneskap for bladet
6. Innkomne saker
7. Val av styre
 - A. Sondre Malmin BU - ikkje på val
 - B. Gaute Ødemotland Bondelaget - på val (ny fra bygdekvinnelaget)
 - C. Terje Vik VBF - på val (ny fra bedriftforeningen)
 - D. Brit Obrestad Vennelaget Lerbrekk skule. - ikkje på val
 - E. Per-Arvid Jakobsen Misjonshuset - på val (ny fra ett av medlemslaga)(1 av representantane skal veljast til leiar. Styret konstituerer seg sjølv)
8. Val av 1. varamann: Ingvar Reiestad Vennelaget Lerbrekk skule - på val
Val av 2. varamann: Anne Mette Tunheim Vennelaget for Lensmannsløa - på val
9. Val av revisorar : Rune Odland og Irene Hobberstad - på val

Valperiode er 2 år for styremedlemer, 1 år for revisor og varamedlemer.

Vel møtt! Det vert enkel servering,

ÅRSMELDING 2023

Varhaugbuen kom som planlagt ut 4 gonger i løpet av året. Ein trykkjer 2000 eks. kvar gong, kostnad for trykking ligg i snitt på kr 35000, blad 2 var på 44 sider, dei andre på 40, det har vært mykje bra stoff.

Me prøver å ha eit variert innhald og ikkje meir annonse enn naudsynt for å dekkja trykkekostnadane.

Økonomien er god og stabil. I 2023 gjekk bladet med eit overskot på ca kr 27300. Resultatet er litt varierende frå år til år, avhengig av om alle annonsørane har betalt før nyttår eller etterpå, og om det er nokre særskilde tiltak iverksette. Me har stadig fleire abonnentar, litt kjem frå grasrotandelen og mange er rause med betalinga av gåvegiroen.

Og tilbakemelding på bladet har vore særst god, mange er fulle av lovord om korleis det allsidige livet på Varhaug vert presentert,- både dei friviljuge organisasjonar, forretningane og det som skjer på løa.

Varhaugbuen sin redaktør, Liv Hobberstad, har også 2023 stått på og samordna innspel og sjølv laga mykje stoff. Og ho har hatt god dialog med Odd Aandal i Jærprint som står for trykking.

Det er halde 4 styremøter og handsama 24 saker i løpet av året. Kvart styremøte er i forkant av utgjeving av nytt nummer av Varhaugbuen og sakene er stort sett same slag på alle møtene..

Me har ikkje hatt dei store sakene dette året. Men me har forstått at bladet vert lest og kommentert. Dette året slapp coronaen taket i januar, og ein var tilbake på vanleg aktivitetsnivå. Og Liv klarte å få særst mykje bra stoff i bladet også dette året.

Redaktøren gjer eit stort og godt arbeid og er ein viktig person for Varhaugbuen, og Liv har fått litt godtgjersle for arbeid og kjøring dette året óg. Det tykkjer me ho fortener. Det er godt frammøte på styre-/redaksjonsmøtene og god stabilitet i styret.

Styret i 2023 har vore;

Leiar:	Terje Vik	VBF
Nestleiar:	Gaute Ødemotland	Bondelaget
Kasserar:	Brit Obrestad	Vennelaget Lerbrekk skule
Sekretær:	Per-Arvid Jakobsen	Varhaug Misjonshus
Styremedlem	Sondre Malmin	BU
1.vara:	Ingvar Reiestad	Vennelaget Lerbrekk skule
2.vara:	Anne Mette Tunheim	Vennelaget for Lensmannsløa



Sekretær Per-Arvid Jakobsen

Rekneskap 2023 for Varhaugbuen

INNTEKTER		2023	2022
Salgsinntekter annonser	kr	156 000,00	kr 154 000,00
Abbonement og gaver	kr	31 250,00	kr 21 800,00
Sum salgsinntekter	kr	187 250,00	kr 175 800,00
Tippemidler grasrotandelen	kr	5 692,00	kr 6 107,00
Anna inntekt			
Sum inntekter	kr	192 942,00	kr 181 907,00
UTGIFTER			
Trykking av Varhaugbuen	kr	140 960,00	kr 144 480,00
Honorar Liv Hobberstad	kr	8 000,00	kr 8 000,00
Gaver	kr	1 000,00	
Kontorrekvisita	kr	1 102,00	kr 376,00
Data/EDB- kostnad	kr	1 875,00	kr 1 875,00
Møte o.l. (mat m.m)	kr	2 430,00	kr 1 634,00
Porto	kr	11 201,00	kr 10 580,00
Bank- og kortgebyr	kr	142,00	
Reklamekostnad	kr	3 311,00	kr 897,00
Sum driftskostnader	kr	170 021,00	kr 167 842,00
Driftsresultat	kr	22 921,00	kr 14 065,00
Renteinntekt	kr	4 218,00	kr 1 254,00
Annen finansinntekt	kr	528,00	kr 404,00
Annen rentekostnad	kr	-348,00	
RESULTAT	kr	27 319,00	kr 15 723,00
BALANSE		31.12.2023	31.12.2022
Kundefordringer	kr	1 000,00	kr 2 500,00
Bankinnskudd, kontanter	kr	232 782,00	kr 203 963,00
Sum eiendeler, egenkapital	kr	233 782,00	kr 206 463,00

Varhaugbuen eig 1 sau og 1 føl i stein som no står på Varhaug skule

Revisjonsberetning

for
år 2023

Til årsmøtet i «Varhaugbuen»

Org nr 990 246 270


Varhaugbuen er en ideell organisasjon, registrert i Frivillighetsregisteret. Denne type virksomhet er i utgangspunktet undergitt alminnelige regler for skatter og avgifter, men det er gitt vesentlige unntak. Dette gjelder blant annet merverdiavgift knytta til omsetning.

Grunnlaget for våre revisjonshandlinger bygger på et gjennomført ryddig regnskap, og gode interne rutiner

Omsetningens størrelse tilsier registrering i merverdiavgifts-registeret. Regnskapet er for øvrig avgitt i samsvar med lov, forskrifter og god regnskapsskikk og gir således et rettviseende bilde av «Varhaugbuen»'s finansielle stilling og drift


Årsregnskap kan etter vår vurdering godkjennes som klubbens årsregnskap for år 2023

Varhaug 22.01.2024 / 31.12.2023



Rune Odland

Valgt revisor



Irene Hobberstad

Valgt revisor

LITT OM BAKGRUNNEN FOR VARHAUGBUEN

Eigarlaga er ulike i storleik og aktivitetar, noko som gjev ei spennvidde på bladet som me trur er positivt

Eigarandelen fordeler seg slik:

Varhaug Bondelag, Varhaug Bygdekvinnelag, Varhaug Bu og Svala 4H	kr 15.500
Varhaug Bedriftsforening	kr 15.500
Varhaug Misjonshus	kr 1.000
DNT Edru Livsstil (som tidlegare het Varhaug Fråhaldslag)	kr 1.000
Vennelaget for Lerbrekk skule	kr 1.000
Elgane Motorsykelklubb	kr. 1.000
Vennelaget for lensmannsløa	kr. 1.000
Varhaug pensjonistlag	kr. 1.000

Me har alle same mål; å skapa eit blad som verkar samlande på varhaugbuar og er med på å skapa identitet til bygda, gjennom å synleggjera kva som finst av aktivitetar og tilbod, bedrifter og organisasjonar i Varhaug. Sjølv sagt ynskjer me at fleire organisasjonar òg vil vera med i bladet framover, for der mange tenkjer ulikt, der tenkjer ein nytt!!

Oppgåvene til styret er å:

- Fastleggja antal nummer av "Varhaugbuen" pr. år
- Skaffa folk til redaksjonen og ta ansvar for denne
- Leggja forholda til rette, slik at redaksjonen kan gjera ein god jobb
- Halda økonomisk oversikt over bladet og skaffa til vege nok pengar til å kunna gje ut det fastlagte antalet "varhaugbuar" i året.

Målet for styret har vore å gje ut 4 nummer av bladet kvart år. Folk på Varhaug skal få eit blad som er gildt å lesa og godt å sjå i, det skal fenga alle, anten dei er 7 eller 90 år. Bladet skal ha ei innhaldsmessig spennvidd og ha nok fargebilete til å gleda lesaren.

Liv Hobbestad er redaktør for bladet og møter på styremøtene. Bladet vert trykt på Jærprint. Når bladet skal distribuerast til alle husstandane i Varhaug, er det redaksjonen, styret og venene deira som trør til og køyrer/går kvar sine ruter. På denne måten får me minimale portoutgifter, og kan halda ein høgare kvalitet til lågare pris. Er bladet over 100 gr kostar det no 57 kr å senda bladet. Og med dei ca 1500 husstandane i Varhaug ser ein at me sparar porto som utgjer cirka 85.500 kr per blad på denne måten.

Økonomisk er målet vårt at bladet skal finansiera seg sjølv, og dei 4 nummera av Varhaugbuen har vorte finansierte med annonsar frå velvillige bedrifter i bygda vår. Medlemane i styret er med og bidrar med innslag til bladet.